



**8 ihuga par stilte opp i Helgheim i går kveld då Ivar Kåre og Berit Harriet Døssland igjen inviterte til sundagsdans av det gamle og gode slaget.**

**Dei held fram med dansen annankvar sundag fram til jul og utelukkar ikkje at det også vert ein romjulsdans. Og så ligg det kanskje an til ein ny fest utpå vårparten etterat entusiastane har dansa seg gjennom vinteren.**

Frammøtet i kveld var slett ikkje dårleg med tanke på at mange som plar å vera der forståeleg nok har flykta til sydlegare stråk denne helga. Og det var ikkje berre dans, men også servering av delikat farsdagskake i ei pause.

Då heldt Ivar Kåre også sin tradisjonelle appell som var prega av optimisme omkring dette gode tiltaket. Men eitt spørsmål kunne han ikkje svara på: Kvifor har ikkje danselaget fått noko namn?

Kan ein kalla det Helgesving?

Tekst og foto: Ola Matti Mathisen